



---

## Notat

---

**Til:**

Kommunestyret

**Frå:**

Jan Erik Boge

**Informasjon om vedtak gjort etter hastemynde i formannskapssak 049/2023 – Søknad om salsløyve – Tysse Landhandel AS**

**Saknr/Journalnr**

23/343/23/5434//JEB

**Arkivkode**

FA-U62, TI-&18

**Dato:**

08.06.2023

---

I formannskapsmøtet 01.06.2023 vart det i sak 049/2023 gjort vedtak om å gje løyve til Tysse Landhandel AS til sal av alkoholhaldig drikke i gruppe 1 (drikke som inneheld høgst 4,7 volumprosent alkohol).

I utgangspunktet er det kommunestyret som avgjer søknader om salsløyve for alkoholhaldig drikke, men formannskapet valde i denne saka å gjera endeleg vedtak med heimel i den såkalla hasteparagrafen i kommunelova (§ 11.8), jf. punkt 6.3 i kommunen sitt delegeringsreglement. Bakgrunnen for dette var at opninga av Tysse Landhandel AS var allereie 03.06.2023.

Kommunestyret har i delegeringsreglementet gitt formannskapet fullmakt til å treffa vedtak i saker som normalt skulle vore avgjort av kommunestyret, i dei høve når det er nødvendig å treffa vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalla kommunestyret. Det går fram av § 11-8 i kommunelova at melding om eit vedtak som er truffe etter denne hasteparagrafen, skal leggjast fram i det neste møtet i det organet som normalt skulle avgjort saka.

Nedanfor følgjer kopi av vedtaket i formannskapssak 049/2023.

**FORM- 049/2023 Vedtak:**

Iht § 11.8 i kommuneloven jf. delegeringsreglementet pkt 6.3, gis det hastevedtak på Løyve til sal av alkoholholdig drikke max 4,7 % til Tysse Landhandel AS.

Tysse Landhandel AS (org.nr 830123792) ved Eline Kleivane gis løyve til sal av alkoholhaldig drykk i gruppe 1: Drykk som inneheld over 2,5 og høgst 4,7 vol.% alkohol, i eige butikklokale på Tysse (Ytre Tysse 33, 5650 Tysse) i Samnanger kommune. Det er eit vilkår for løyvet at alkoholsalet skal vera bemanna. Løyvet gjeld til 30. september 2024.

Løyve vert gitt med heimel i alkoholoven § 1-7.